



## MØTEREFERAT

Dato: 01.10.2025

Stad: Bykle hotell

Referantar: Signe Sollien Haugå/Eivind Severinsen/Sigrid Bjørgum/Sonja Lien Skjevrak

### Møte:

Grunneigarar, jakt- og rettshavarar i Midtregionen – Sti- og løypeplan

### Til stades:

- Arnstein Repstad
- Ole Johan Bueklev
- Tallak Hoslemo
- Kliff Hoslemo
- Vegard Vatnedalen
- Tallak Bjørnarå
- Arne Homme
- Torvald Gautland (Hovden  
løypekøyring)

*Bykle kommune:* Hans Blattmann, Merethe Hjeddal, Eivind Severinsen, Sigrid Bjørgum,  
Sonja Lien Skjevrak, Signe Sollien Haugå

## REFERAT

### 1. Opning

Ordførar ønskte velkommen og innleia om arbeidet med ny sti- og løypeplan. Han informerte om ønskje om oppnemning av ein representant frå kvar av regionane, Bykle, Midtregionen og Hovden.

Planarbeidet skjer parallelt med utforming av ny arealdel til kommuneplanen.

### 2. Orientering om planprosess

Sonja Lien Skjevrak presenterte opplegget for møtet og planprosessen. Sti- og løypeplanen vil inngå som ein del av kommuneplanen sin arealdel.

Planarbeidet følgjer Miljødirektoratet sin rettleiar Plan for friluftslivets ferdsselsårer. Kommunen har ei viktig rolle som tilretteleggjar for bulyst, friluftsliv og folkehelse.

Eksisterande turvegar og løyper er utgangspunkt for planlegginga. Ny plan må ta omsyn til ny kunnskap til dømes om villrein (tiltaksplan). Ein har og andre nasjonale føringar og omsyn, til dømes vern og ulike naturverdiar. Lokalt har ein og mange omsyn, til dømes beitebruk, jakt, statsallmenningen osv.

Det vart kort orientert om løypeavtaler med grunneigarar, prinsipp og samanheng og at ein primært følger like satsar differensiert på utmark, innmark mv.



Det vart orientert om innspel som er kome inn sidan førre sti- og løypeplan vart vedteken, og kva ein har særleg blikk på for å skape samanheng og kvalitet i løopenett og utfartsområde.

Det kan vere aktuelt å utsette fristen for innspel jf. skissert tidsplan. Informasjon om medverknad og innspelsfrist kjem på kommunen sin heimeside og i relevante media.

Det var opplyst om eige møte om **tiltaksplan for villrein** torsdag 9. oktober kl 18 på Bykle hotell. Kommunen ønskjer gjerne innspel til denne før utkast til høyringsuttale blir lagt fram til politisk handsaming i kommunestyret 30. oktober. Høyringsfristen er 31. oktober.

### 3. Viktige punkt frå diskusjonen

#### Eksisterande tur- og skiløyper

Løypene som er i regionen i dag er fine, men har vore litt lite oppkjørt (avhengig av vár og føre). Det er viktig å knyte saman løopenetet for grändene også for å skape fine turmogleheter for fastbuande og for å unngå bilkjøring.

Ønskje om samanhengande løype rundt Stemtjønn slik at ein får litt lengre løyper. Veldig synd å miste høgfjellsloper som er flate løyper tilpassa pulk og rask gange/skøyting.

Kva tenkjer kommunen om ekspropriasjon av viktige løyper? Meiner at frivillige avtaler er det beste, men synest ekspropriasjon kan vere riktig på kritiske løyper. Vil ha med moglegheit for tiltak i løypeavtalene, slik at ein kan opparbeide/gruse på sommaren for å kunne kjøre løyper på lite snø.

*Ordførar:* Kommunen ønskjer helst ikkje ekspropriasjon, men heller å kome til einigkeit gjennom frivillige avtaler.

*Plansjef:* For å oppnå juridisk binding etter plan og bygningslova må løypetraseen vere del av ein reguleringsplan.

Auke fokuset på folkehelse framfor villrein. Legge til rette for at det skal bli attraktivt å bruke naturen. Samle løyper på stader der ein ønskjer ferdsel. Ønsker kanalisering av ferdsel og ser det positive i tilrettelegging for ferdsel med omsyn til bulyst, tilflytting og folkehelse.

Det er lite klager på prepareringsfrekvens frå hyttefolk. Gjerne betre grunnarbeid som gjer at løypene kan bli kjørt tidlegare.

*Hovden løypekjøring:* Ønskjer meir grunnpreparering, men økonomi og regelverk er ei utfordring.

Merking av traseane er viktig for å få folk til å bruke løypene.

Ikkje ønskjeleg med meir ferdsel opp mot Svånumten.

Ållmannvegen er eit nærturmål som det er viktig å vedlikehalde og forbetre.



## Forslag til nye tur- og skiløyper eller andre tiltak

Turen opp Hoslemoskaret er veldig flott og blir etterspurt. Eit alternativ til å køyre til Hovden for å kome på høgfjellet.

Samanbinding til Ørnfjell, og kulverten under rv9 er veldig viktig.

Ønske om asfalt på dei nye gang/sykkelvegane mellom Berdals bru og Byklestøylane.

Betre tilrettelegging av badeplassar ved Hoslemokrysset og Hoslemohylen.

Det er ønskjeleg med røyr i bekken 2-3 plassar mot Listøy, for snøbru er ikkje så haldbare om våren.

Greitt med sykkelløyper, men er litt bekymra for terrenget. Spesielt el-syklar. Ikke ønske om at det er eit satsingsområde.

Lite etterspurnad etter sykkelløyper frå hyttefolk.

Nokre brukar Stedjevegen til sykling, og grunneigar har planar om å oppgradere denne. Det er også nokre røyr som må på plass att før vinteren.

Over Tindebekken burde det vere ei bru, og det bør skiltast at det er lettast å gå mot klokka.

Det er også ønskjeleg å binde saman Støyldalen og Hoslemo. Det var motsegn mot denne i førre kommuneplan.

Parkeringsplassen ved Hoslemo hyttegrend må vere open for alle. Kommunen sjekkar avtale/brøyting.

No som tunellane i Vatnedalsvegen er stengt, må ikkje denne visast som ein open veg eller marknadsførast som det.

Sykkelrute 3 er nasjonal sykkelrute og ligg litt på sida av dette prosjektet, men noko som kommunen har jobba aktivt med i samband med rv9–prosjektet og i lag med Statens vegvesen. Det er eit sterkt ønske om asfalt her.

## 4. Val av representant til prosjektgruppa

Representant frå Midtregionen: Arne Homme.

## 5. Oppsummering

Referat og presentasjon blir sendt til møtedeltakarane og lagt ut på kommunen si heimeside.

Informasjon om frist for innspel til planarbeidet blir lagt ut på heimesida og andre relevante media.

Bykle, 03.10.2025